



Til

Politiske parti i Årdal kommune
Dei kommunale råda i Årdal kommune
Arbeidstakarorganisasjonar i Årdal kommune

Vår ref. 25/821-1	Dykkar ref.	Sakshandsamar Norunn Haugen	Direktenr 47674567	Arkiv K1-151	Dato: 28.04.2025
-----------------------------	--------------------	---------------------------------------	------------------------------	------------------------	----------------------------

Innspel til budsjett 2026 og rullering av økonomiplan

24.april frå 08.00 til 11.00 vart det gjennomført eit økonomiplanseminar der formannskapet, utvalsleiarar, kommunedirektøren si leiargruppe, hovudtillitsvalde og hovudverneombod var deltakarar. Hovudmålet med dagen var å få ei felles forståing av den økonomiske situasjonen og få ein tidleg start på arbeidet med budsjett 2026 og rullering av økonomiplan. Presentasjonar frå økonomiplanseminaret ligg ved.

Årdal kommune sin rekneskap for 2024 syner at vi har behov for å redusere driftsutgifter for å få ein meir berekraftig økonomi, og for å sikre at kommunen har økonomisk handleevne åra som kjem. I 2024 brukte kommunen over 15 mill. kr av disposisjonsfondet for å komme i balanse og netto driftsresultat var på -3,6%.

Noko av det vi ser... utgifter til pleie og omsorg er vesentleg høgare enn i ein del andre kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. Dette syner innsparingspotensiale i pleie og omsorg. Statistisk sentralbyrå sine prognosar at folketalet i Årdal kommune vil gå ned og alderssamansetninga vil endre seg. Om berre få år ser vi at det vil bli fleire eldre og færre yngre. Dette syner eit omstillingsbehov i oppvekst. Vedlikehaldsplan som kommunestyret handsama i møtet 24.april syner omfattande bygningsmasse og eit stort etterslep på vedlikehald og oppdrageringar. Verda rundt oss er i rask endring, og vi opplever at ytre faktorar, som vi ikkje sjølve rår over, har stor påverknad på Årdal som lokalsamfunn. Kommunen sin kommuneplan syner korleis vi vil at Årdalsamfunnet skal utvikle seg.

For å få tid til å arbeide med omstilling og utgreiingar, så er tidleg medverknad i budsjettarbeidet ynskjeleg. Vi oppmodar difor partigruppene, dei kommunale råda og tilsette sine organisasjonar til å komme med innspel til budsjett 2026 og til rullering av økonomiplan allereie no, og innan 23.mai. Formannskapet som er finansutval vil få framlagt alle innspela og blir utfordra på å prioritere kva tiltak som skal jobbast vidare med.

Framlegg til metode (90-120 min):

- Gjennomfør ein **SWOT-analyse**.
 - Kartlegg Styrkar (**Strenghts**), Svakheiter (**Weakness**), Muligheiter (**Opportunities**) og Trusler (**Threats**).



- b. Bruk ca 5 min tid individuelt og 10 min i grupper per kategori og registrer svara til gruppa her <https://forms.office.com/e/d0PfA9MJvN?origin=IprLink>
2. Lag ei liste med **framlegg til hovudstrategiar for Årdal kommune 2026-2029** (for eksempel utgreiingar, innsparing/omstilling og nye tiltak)
 - a. Bruk ca. 5 min individuelt, deretter ca.25-60 min i plenum. Når de presenterer i plenum er det nyttig at de tek runden rundt bordet, og at alle får legge fram sine tankar og idear utan diskusjonar. Etterpå kan de kan de starte diskusjon og prioritere som gruppe. Lukke til!

Ta kontakt om de har spørsmål. Kommunalsjef Marita Opheim kan fasilitere ei arbeidsøkt etter metoden SWOT-analyse om det er ynskjeleg.

Dersom de ikkje vil registrere svara i Forms, eller lenka ikkje fungerer, så kan svara sendast på e-post til postmottak@ardal.kommune.no

Med helsing

Norunn Haugen
Økonomisjef